

Vegard Steinsland
Grønhaug
5729 Modalen

Grønhaug, 12.11.2015

Modalen kommune
Kulturkontoret v/Inga Jorunn Nåmdal
5729 Modalen

Søknad om kulturvernmidlar til vedlikehald av stølshus på Otterstadstølen

Eg søker om støtte til vedlikehald/rehabilitering av stølshuset som høyrer til garden (77/2) på Otterstadstølen. Stølshuset ligg i Otterstadstølen naturreservat (verna granskog). Det inngår i ei klynge med til saman 8 sel/florer, som dannar eit heilskapleg stølsmiljø. Dette er den einaste stølen med ei så stor samling stølshus som er att i bygda, og stølen er lista som verna i kulturminnevernplanen for Modalen kommune (vernegruppe B).

Støls- og vedhuset har no over tid vore prega av slitasje og manglande vedlikehald, og eg har difor i haust starta med eit stort arbeid både utvendig og innvendig:

- 1) Reisverk
- 2) Golv
- 3) Kledning
- 4) Dører
- 5) Vindauge

Det er ikkje endra noko på storleik eller det utvendige uttrykket.

Formålet med vedlikehaldet er å sikre at selet ikkje forfell heilt, og at det får ein standard som gjør det skikka til praktisk bruk. Eg ser det som verdifullt å ta vare på dette stølsområdet, både for eigen privat del, men òg av bygdehistoriske årsakar.

Nedanfor fylgjer ei oversikt over dei til no tyngste utgiftspostane:

| | |
|----------------------------------|--------------------|
| Materialar (vedlegg 1) | kr 25 351,- |
| Helikopter, frammøte (vedlegg 2) | kr 4 063,- |
| 1 hiv à kr 2 828,- | kr 2 828,- |
| <hr/> | |
| Totalt | kr 32 242,- |

Eg legg òg ved nokre bilete av vedhuset før og no. Arbeidet er starta og grovarbeidet er gjort for å sikra at huset står den kommande vinteren. Eg håper kommunen ser verdien som ligg i arbeidet som er gjort, og ynskjer å støtte dette med midlar frå tilskotsordninga for kulturminnevern.

Med vennleg helsing
Vegard Steinsland